

Saksframlegg

Kvinnherad kommune

Saksmappe

2017/3724-2

Saksbehandlar

Karin Thauland

Saksgang		
Saksnr	Utval	Møtedato
2017/84	Formannskapet	16.11.2017
2017/69	Kommunestyret	30.11.2017

Uttale frå Kvinnherad kommune -Kraftutbygging - Onarheim kraftverk - Sunnhordland Kraftlag AS

Innstilling frå rådmannen:

Kvinnherad Formannskap rår i frå at Sunnhordland Kraftlag AS frå konsesjon til bygging av Onarheim Kraftverk. Dersom det vert utbygging, må drikkevassforsyninga sikrast og friluftinteressene takast omsyn til .

Behandling i Formannskapet den 16.11.2017

NYTT FRAMSETT FORSLAG FRÅ ORDFØRAR:

Saka vert utsett og handsama i kommunestyret 30.11.17. Formannskapet bed om saksutgreiing der alle aktuelle omsyn er vurdert.

Røysting: Nytt framsett forslag vart samrøystes vedteken.

Innlevert forslag frå Ove Lemicka, Frp (vart ikkje røysta over):

Kvinnherad kommune rår til at Sunnhordland Kraftlag As får konsesjon til utbygging av Onarheim Kraftverk. Det er viktig at friluftinteressene vert tatt omsyn til og at drikkevassforsyninga vert sikra.

Vedtak frå Formannskapet den 16.11.2017

Saka vert utsett og handsama i kommunestyret 30.11.17. Formannskapet bed om saksutgreiing der alle aktuelle omsyn er vurdert.

Behandling i Kommunestyret den 30.11.2017

Inhabile: Gunnar Våge(SP), Øyvind Lernes (H), Gretha Rød (Ap) – alle i styret i Kvinnherad Energi.

Nytt framsett forslag frå Frp/Sp/H/Ap:

1. Kvinnherad kommune rår til løyve for å byggja Onarheim kraftverk.
2. Dersom tiltaket får løyve må tekniske inngrep i øvre del av tiltaksområdet tilpassast landskapet i særleg grad.
3. Utbygginga vil kunne redusera levetilhøva for fossefall og vintererle. Avbøtande tiltak, som

oppsetting av reirkassar og å ta vare på elvekant vegetasjon, kan kompensera for noko av dette og bør vera med i ein eventuell konsesjon.

Røysting: 32 repr. under avrøysting.

Nytt framsett forslag vart vedteke med 27 mot 5 røyster.

Vedtak frå Kommunestyret den 30.11.2017

- 1. Kvinnherad kommune rår til løyve for å byggja Onarheim kraftverk.**
- 2. Dersom tiltaket får løyve må tekniske inngrep i øvre del av tiltaksområdet tilpassast landskapet i særleg grad.**
- 3. Utbygginga vil kunne redusera levetilhøva for fossefall og vintererle. Avbøtande tiltak, som oppsetting av reirkassar og å ta vare på elvekant vegetasjon, kan kompensera for noko av dette og bør vera med i ein eventuell konsesjon.**

Saksutgreiing:

NVE har den 23.8.2017 motteke søknad frå Sunnhordland Kraftlag AS om løyve til bygging av Onarheim Kraftverk.

Inntaket er planlagd i Hellandselva på kote 459, 700 m borehol og 1200 m nedgrave røyr. Kraftverket ligg på kote 110. Innløpet er planlagd nedstrøms Bremstølvatnet Tiltaket omfattar ingen reguleringar eller overføringar frå andre vassdrag.

Tilkomsten vert via eksisterande fylkesveg 48. Inntaket er planlagt etablert veglaust Tiltaka vil tilføre ekstra vatn frå eit samla nedbørsfelt på 10,6 m².

Tiltaka vil gje ein årleg samla gevinst på 28,9 GWh. Det vert redusert vassføring i ei strekke på 1850 m av Hellandselva.

Utbygginga vil skje i nedbørsområdet for inntaket til det kommunale Husnes Vassverk

Søknaden handsamast etter reglane i vassdragsreguleringslova § 6. Søknaden med vedlegg er lagt ut på www.nve.no/konsesjonssaker,

Den har vore kunngjort på heimesidene til kommunen og lagt ut til offentleg gjennomsyn hos kommunen fram til høyringsfristen den 3.12.2017.

Vurdering:

Planlagd utbygging er kostnadsrekna til kr 3.18 pr. kWh. Som er rekna som lågt. Det fører ikkje med seg bygging av nye vegar.

Konsekvensar for det akvatiske miljø er vurdert til middels til liten negativ konsekvens samla sett.

Tiltaket vil gje inntekt til grunneigarar, kommune og stat


Gjennomføring av prosjektet vil føre til auka produksjon av fornybar energi, som er i tråd med målsetjinga i «Klimaplan for Hordaland 2014-2030» og regjeringa si satsing.

Hellandsvassdraget er ikke omfattet av verneplan for vassdrag og inngår heller ikke blant nasjonale laksevassdrag

Tiltaket vil føre til sterkt redusert vassføring. Det er registrert verdifull naturtype: Fossesprøytesone og nokre raudlisteartar

Friluftsliv: .

«Kvinnherad kommune har i samarbeid med innbyggjarane i Kvinnherad kommune kartlagt og verdivurdert område nytta til friluftsliv i Kvinnherad. Kartlegginga og verdivurderinga er eit viktig hjelpemiddel for å vurdere omsynet til friluftsliv opp mot andre interesser. I denne kartlegginga vart området vurdert som svært viktig friluftslivsområde med stor bruksfrekvens».



Registrering av viktige friluftsområde .

I anleggsperioden vil utbygginga føre med seg auka risiko for ureining av drikkevasskjelda. Dersom det vert utbygging, må det lagast avbøtande tiltak og sikre drikkevassforsyninga i anleggsperioden.

Kvinnherad kommune har søknad inne hos NVE om konsesjon for regulering av Svartavatn til drikkevassføremål samt prosessvatn til Hydro sin aluminiumsproduksjonen. Svartavatn ligger i Hellandselva, oppstrøms inntaket til det planlagde Onarheim kraftverk. Tiltaka treng ikkje være i konflikt med kvarandre, men ei regulering av Svartavatn kan gje jamnare avrenning og gunstigare tilhøve for produksjonen til kraftverket

Ut i frå ei samla vurdering, finn rådmannen å rå i frå utbygginga

Uttale frå Eining for vatn og avløp
Vedlegg Uttale frå Vatn og avløp i KK